



Kaland Trelast AS
Kjeilevegen 45
5953 FONNES

Referanser:

Dykkar:

Vår: 16/2830 - 16/30789

Saksbehandlar:

Eilin Houlison Molvik

EilinHoulison.Molvik@lindas.kommune.no

Dato:

07.12.2016

Førebels svar - trong for tilleggskommunikasjon - gbnr 134/348 Hilland

Kommunen stadfestar å ha motteke dykkar søknad 19.10.16.

Eigedomen er regulert og ligg i område omfatta av reguleringsplan Hilland. Gnr. 134 bnr. 4 og 37 endra/planid.: 1263-02051985.

For den aktuelle eigedomen er det regulert byggegrense mot veg. Parkeringsplass er i strid med byggegrensa og krev at det vert søkt om dispensasjon. Det kan og sjå ut som om at synt parkeringsplass ligg innanfor frisktone i høve regulert avkøyring til felles køyreveg til eigedom gbnr. 134/348 og gbnr. 134/301.

Teikningar

Situasjonsplanen syner renovasjon/post truleg plassert i frisktone i eigen avkøyring til felles køyreveg på gbnr. 134/368.

Det er på situasjonsplanen ikkje gjort greie for kva som ligg i dei ulike fargelaga på eigedomen.

Det er skissert at det går eit søkk på eigedomen som må fyllast opp, det er ikkje gjort greie for korleis dette vert løyst, skal det td. forast opp støttemurar for å holde massane på plass? Dette er heller ikkje synt på situasjonsplanen.

Oppdaterte bustadteikningar som syner tilkomst til bodar (synt på situasjonsplan) mellom dei 2 tomansbustadane.

Det vert vist til gjennomført førehandskonferanse for eigedomen. Vi ser av vårt arkiv at det har vore bestilt førehandskonferanse med omsyn til eigedomen, men at denne vart avbestilt av Kaland Trelast AS v/Øyvind Litangen per e-post 11.11.14. Dersom dette er uriktig ber vi om at referat frå førehandskonferanse vert levert inn.

Post

postmottak@lindas.kommune.no
Dokumentsenteret
Kvernhusmyrane 20, 5914 Isdalstø

Kontakt

www.lindas.kommune.no
Telefon +47 56 37 50 00
Telefaks +47 56 37 50 01

Konto 3201.05.89311
Org.nr. 935 084 733



Det er vist til uttale med omsyn til vatn- og avlaupsløysing, dette er ein e-post dialog datert 08.11.2012. De må på ny gå i dialog med Teknisk drift med omsyn til kapasitet på offentleg VA-nett i området, det har vore stor utbygging i Hilland etter 2012.

Vi vil og anbefale at de tek stilling til merknadar frå nabo på gbnr. 134/301, kommunen vil i si handsaming av dykkar søknad realitetsvurdere merknadane, då særleg med omsyn til at det her er snakk om ei fortetting i eit etablert bustadmiljø.

Mottakskontroll

Kommunen har kontrollert søknaden og finn at den ikkje er fullstendig, jf. byggesaksforskrifta (SAK) § 5-4. Vi ber om at søknaden vert supplert med følgjande dokumentasjon:

1. Oppdatert situasjonsplan som syner plassering av eventuelle naudsynte terrenginngrep på eigedomen som td. fjellskjæring, støttemurar og fyllingar, samt avstand til nabogrense. Vi gjer merksam på at plan- og bygningslova § 29-4 og gjeld for nemnde typar terrenginngrep. Dersom desse vert plassert nærare nabogrense enn 4 meter, krev det naboerklæring eller evt. dispensasjon frå pbl § 29-4.
2. Skildring av fargekoding på innsendt situasjonsplan.
3. Oppdatert situasjonsplan som syner regulert byggegrense og plassering av tiltak på eigedomen i høve regulert byggegrense, samt innteikna frisisiktsoner for avkøyrsla.
4. Oppdatert bustadteikningar som syner tilkomst til bodar mellom dei 2 tomannsbustadane synt på situasjonsplan.
5. Oppdatert uttale frå Teknisk drift med omsyn til påkobling til kommunalt vatn- og avlaupsnett.
6. Referat frå førehandskonferanse som det vert vist til i søknaden.
7. Eventuelle vurderingar i høve nabomerknad.

Kommunen ber om at tilleggsinformasjon vert sendt inn **samla innan 31.01.17**. Dersom informasjonen ikkje er sendt til kommunen innan fristen, vert saka tatt til handsaming ut frå dei opplysningane som ligg i søknaden.

Det vert gjort merksam på at dette ikkje er ein fullstendig gjennomgang av søknaden. Denne tilbakemeldinga er gjort på bakgrunn av dei forholda som er kontrollert ved kommunen sin mottakskontroll. Vi oppmodar søkjar om å ta ein ny gjennomgang av søknaden før innsending av etterspurd dokumentasjon slik at ein unngår ytterlegare forsenkingar i saksgangen.

Sakshandsamingsfrist

Tidsfristar for sakshandsaming går fram av plan- og bygningslova § 21-7, jf. SAK § 7-1.

Gebyr

Gebyr vert rekna ut i frå Lokal forskrift om gebyr for teknisk forvaltningsteneste. Det vert sendt ut krav om gebyr i samsvar med gjeldande forskrift når saka er ferdig handsama.

Med helsing

Siril Sylta
avdelingsleiar

Eilin Houlison Molvik
rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Kopi til:

Dan Stephan Kaland

Hamangskogen 23 1338

SANDVIKA

Mottakarar:

Kaland Trelast AS

Kjeilevegen 45 5953

FONNES